



UNIVERSITETET I BERGEN UNIVERSITETSMUSÉET I
BERGEN
Muséplassen 1
5020 BERGEN

Saksbehandlar, innvalstelefon
Tom Dybwad, 5764 3123

Hestad landskapsvernområde - høyring av framlegg til vernegrense

Statsforvaltaren i Vestland sender med dette på høyring eit framlegg om grensejustering for Hestad landskapsvernområde. Bakgrunnen for grensejusteringa er at det kan virke uklart kvar grensene går og at det er behov for å presisere desse. Framlegget inneber mindre endringar i høve til grensene som er kjende som gjeldande grenser i dag (Naturbasen).

Hestad landskapsvernområde vart oppretta 22.10.1971 som det første landskapsvernområdet i landet. Fastsetting av grensene slik dei går fram av kartet, var mykje meir omtrentleg enn det som er gjeldande praksis i dag. På kartet som følgde kgl.res. i 1971 var grensa vist med ein horisontal (aust-vest) strek i nord, og i sør, godt sør for brua, med ein strek som går frå sørvest til nordaust. Grensene mot aust og vest (Hestadfjorden og Viksdalsvatnet) er ikkje teikna inn på dette kartet.

På digitale kart i Naturbasen vert grensene for Hestad landskapsvernområde vist annleis både i sør og nord. Her ligg grensa i sør like ved brufestet på Fv 610, medan den i nord går langs Fv 5674, slik at Hestadgrend bedehus ligg innanfor landskapsvernområdet. Mot Hestadfjorden og Viksdalsvatnet følgjer grensa på digitale kart (Naturbasen) normal vasstand i Gaularvassdraget.

Det er etter vårt syn ikkje i tråd med intensjonen for vernet verken at Hestadgrend bedehus ligg inne i verneområdet, eller at vernegrensa følgjer normal vasstand i vassdraget. Til saman gjer dette at det er uklart kvar grensene for landskapsvernområdet går. Det er difor naudsynt å få fastsett korrekte grenser for Hestad landskapsvernområde.



I 1983 kjøpte Staten ved Miljødirektoratet to teigar i Hestad landskapsvernområde som tilhørde gnr/bnr 150/3 (i gamle Gaular kommune gnr/bnr 50/3), og som ligg aust og vest for Fv 610 (gnr/bnr 104/6), ut mot Viksdalsvatnet og Hestadfjorden. Desse to teigane har i dag gnr/bnr 150/18, og kjøpet femna om areal ut til 1 meter djupne i Viksdalsvatnet og i Hestadfjorden.

Statsforvaltaren meiner grensene skal vere slik at Hestadgrend bedehus vert liggjande utanfor verneområdet, og at vernegrensa skal følgje eigedomsgrensene for dei to teigane med gnr/bnr 150/18 som Miljødirektoratet eig.

Vi sender difor eit framlegg om desse justerte grensene for landskapsvernområdet på høyring.

Framlegget til justerte grenser femnar om heile arealet som Miljødirektoratet kjøpte i 1983, og grensene er difor lagt ved ein (1) meter djupne i Viksdalsvatnet og Hestadfjorden, i tråd med kjøpekontrakten frå 1983. Også i sør følgjer framlegget til vernegrensa på ein meter djupne, og difor er vernearealet i vatn her redusert i forhold til grensa som er teikna inn på vernekartet som følgde kgl.res. i 1971, men noko utvida i høve til grensa i Naturbasen.

Vi har lagt ved to kart:


- Kart med framlegg til (justerte) grenser for Hestad landskapsvernområde
- Eit kart som viser både gjeldande grenser i digitale kart (Naturbasen), grensene slik dei går fram av kartet frå kgl.res. i 1971, og dessutan framlegget til grenser som er på høyring gjennom dette brevet.

Grensejusteringa vil føre til endringar i vernearealet som vist i tabellen under:

	Gjeldande grense (Naturbasen)	Framlegg til ny grense	
Landareal	15,18	14,84	da
Vassareal	5,5	14,38	da
Totalt areal	20,68	29,22	da



På kartet under har vi lagt inn dei ulike grensene i nord på eit meir detaljert kart.



Detaljert kart over grenseendringa i nord. Den svarte horisontale streken er grensemarkinga i kart opprettinga av verneområdet i 1971. Den grønne linja syner gjeldande grense (Naturbase). Den raude linja er Statsforvaltaren sitt framlegg til grense og følgjer eigedomsgrensene for arealet Miljødirektoratet eig.

Fordi saka gjeld mindre grenseendringar både i forhold til dei gjeldande grensene (Naturbasen) og kartet som følgde kgl.res. i 1971, kan Miljødirektoratet fastsette grensa for Hestad landskapsvernområde etter denne høyringa.

I tillegg må det gjerast ei mindre tilføyning i verneforskrifta for Hestad landskapsvernområde; alle berørte gards- og bruksnummer i Sunnfjord kommune skal vere opprrensa i verneforskrifta. Det gjeld både gnr/bnr 150/3 (Miljødirektoratet), 150/10 (Fortidsminneforeningen), 104/6 (Statens vegvesen, Fv 610 gjennom landskapsvernområdet), og 150/20 (Statens vegvesen, litt vegskulder (ca. 10 m²) av vegskuldra til Fv 5674 Vågsvegen, utanfor veglegemet), Desse gnr/bnr ligg inne i landskapsvernområdet, slik dei har gjort sidan vernevedtaket i 1971, og må difor nemnast i verneforskrifta.

Vi gjer for ordens skuld merksam på at sjølve verneforskrifta for Hestad landskapsvernområde ikkje er på høyring.

Frist for å kome med fråsegn til framlegget om justerte grenser for Hestad landskapsvernområde er 01.04.2024.



Etter høyringa vil Statsforvaltaren oppsummere fråsegnene og oversende si tilråding til grenser for Hestad landskapsvernområde til Miljødirektoratet for fastsetting av endelege grenser.

Med helsing

Eline Orheim
seksjonsleiar

Tom Dybwad
prosjektmedarbeidar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Hestad LVO høyringskart 2024
- 2 Hestad LVO, alle grenser januar 2024

Kopi til:

MILJØDIREKTORATET

Postboks 5672 Torgarden

7485

TRONDHEIM



Mottakerliste:

Sunnfjord kommune	Postboks 338	6802	FØRDE
Hestadgrend grendalag	v/ Ingunn Kjelstad	6973	SANDE I SUNNFJORD
Hestadgrend Bedehus	v/ Joar Årnes, Viksdalsvegen 435	6973	SANDE I SUNNFJORD
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
SFE Produksjon AS	Sørstrandvegen 227	6823	SANDANE
Fortidsminneforeningen v/ Åshild K Seljesæter	Viksdalsvegen 695	6973	SANDE I SUNNFJORD
Sogn og Fjordane Småbrukarlag c/o Karen Hornnes			
Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane	Hafstadvegen 34	6800	FØRDE
VESTLAND FYLKESKOMMUNE KULTUR IDRETT OG INKLUDERING	Postboks 173	6801	FØRDE
NORGES JEGER- OG FISKERFORBUND AVD SOGN OG FJORDANE	Stardalen 700	6843	SKEI I JØLSTER
FORTIDSMINNEFORENINGEN Gunnar Hestad	Dronningens gate 11 Viksdalsvegen 884	0152 6973	OSLO SANDE I SUNNFJORD
FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV SOGN OG FJORDANE	Hafstadvegen 34	6800	FØRDE
NORGES NATURVERNFORBUND VESTLAND FYLKESKOMMUNE INFRASTRUKTUR OG VEG LEIKANGER	Mariboës gate 8 Askedalen 3	0183 6863	OSLO LEIKANGER
DNT SOGN OG FJORDANE AVDELING FØRDE	Langebruvegen 9	6800	FØRDE
UNIVERSITETET I BERGEN DET MATEMATISK-NATURVITENSK FAK	Postboks 7803	5020	BERGEN
UNIVERSITETET I BERGEN UNIVERSITETSMUSÉET I BERGEN	Muséplassen 1	5020	BERGEN
NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO
NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE) REGION VEST	Naustdalsvegen 1B	6800	FØRDE
Statens naturoppsyn v/ Liv Byrkjeland			
NORGES JEGER- OG FISKERFORBUND	Postboks 94	1378	NESBRU
INDRE SUNNFJORD TURLAG	Postboks 488	6801	FØRDE
RIKSANTIKVAREN	Postboks 1483 Vika	0116	OSLO